

Sykkylven sokneråd

Møte i Sykkylven sokneråd 5. desember 2018

Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjesal 1, kl. 18.30

Til stades: Simen Elias Nordbrønn Myklebust, May Lisbeth Hovlid Aurdal, Bjørg Djupvik Grebstad, Torbjørn Støylen, Liv Hole, Monica Breivik Orre, Per Bjørnar Tynes og Knut Henning Aursnes.

Dagleg leiar Arild Sporsheim var med på første del av møtet.

Janne Svindseth hadde meldt forfall.

May Lisbeth opna møtet og takka for året som hadde gått. Deretter vart det servert god tradisjonell julemiddag. Bjørg Djupvik Grebstad las om «Den gamle skomakaren» av Leo Tolstoi, og delte ord til ettertanke.

Etter dette tok soknerådet til å handsame følgjande saker:

Sak 43/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart einstemmig godkjent.

Sak 44/18 Godkjenning referat frå møte i Sykkylven sokneråd 25.10.18

Vedtak: Møtereferatet vart einstemmig godkjent.

Sak 45/18 Val av leiar og nestleiar til Sykkylven sokneråd

I handbok for sokneråd og fellesråd 2015-2019 står det at leiar og nestleiar skal veljast kvart år innan 1. januar, og valet skal vere skriftleg, jf. vr. §1.3. Dei skal veljast kvar for seg, først leiar og så nestleiar.

Etter skriftleg val og oppteljing av stemmene vart resultatet slik:

Leiar: May Lisbeth Hovlid Aurdal, 7 stemmer for og ein 1 stemme blank.

Nestleiar: Monica Breivik Orre, 5 stemmer.


Bjørg Djupvik Grebstad 3 stemmer.

Soknerådet gratulerer May Lisbeth Hovlid Aurdal med attval som leiar og Monica Breivik Orre som nestleiar.

Sak 46/18 Visitas 3

Etter visitas i 2017 skal det haldast eit visitas 3. Soknerådet bestemte at tidspunktet skulle vere 17. januar 2019.

Soknerådsleiaren gjekk gjennom arbeidsnotatet etter oppfølging av visitasen i 2017. Soknerådet kom med innspel og kommentarar som ein tar med seg til visitas 3.



Sykylven sokneråd

Sak 47/18

Bruk av prestevikarar under ikkje-forordna gudstenester

Det er ønskje om at det skal vere 4 gudstenester kvar månad i Sykkylven kyrkje. Det er berre presteresursar til 3 gudstenester, og ein må då ha ei ikkje-forordna gudsteneste kvar månad.

Vedtak: Soknerådet ber soknepresten arbeide med å finne gode kandidatar til å gjennomføre ikkje-forordna gudstenester.

Sak 48/18

Høyringsuttale - kyrkjeordning for Den norske kyrkja

Spørsmålsstillinga i høyringa er om Sykkylven sokneråd har innspel til kyrkjerådets framlegg til kyrkjeordning som skal gjelde når ny trudomssamfunnslov tek til å gjelde.

Soknerådsleiaren gav soknerådet ei orientering om saka.

Høyringsuttalsen for Sykkylven ligg på heimesida til DnK:

www.kirken.no. Søk etter Høyringsuttalelser. Deretter diskuterte soknerådet høyringsuttalen før det vart gjort følgjande einstemmige vedtak:

Vedtak: Sykkylven sokneråd stiller seg bak vedtaket som Sykkylven kyrkjelege fellesråd vedtok den 04.12.2018, men ønskjer å kome med følgjande innspel: I tilknyting til handsaming av §§ 13, 15 og 22 ønskjer soknerådet at det vert presisert at sokna er den grunnleggjande eining i Den norske kyrkje, slik det er formulert i byrjinga av § 6. Vidare at det i tilknyting § 47 i utkast til kyrkjeordning vert lista opp døme på kva som er leiarstillingar i kyrkja.

Sak 49/18

Oppsummering av året og plan for neste år

Oppsummeringa av året vert utsett til seinare.

Soknerådet slutta seg til soknerådsleiaren sitt forslag til dataar og planar med dei endringar som kom fram i handsaminga av saka. Sjå eige vedlegg.

Når det gjeld målsettinga for neste år var det semje om at ein må satse meir på leiarar til barne- og ungdomsarbeidet. På grunn av avgrensa tid vert saka utsett til seinare.

Sak 50 /18


Lyssetting og visuelt uttrykk gang/fellesareal kyrkjekontoret

Soknerådet har tidlegare vore på synfaring i gang/fellesareal på kyrkjekontoret for å vurdere endringar som kan gjere rommet meir tiltalande.

Vedtak: Soknerådet gir kyrkjeverjen i samråd med staben eit mandat til å skaffe ny lyssetting og ny kunst til gangn//fellesarealet i kyrkjekontoret.

Orienteringssaker:

- Rose Iren Stave har fått på plass eit utval for innsamling av kr. 75.000, til kjøp av Cembaloen som vi p.t. har til lån.
- Kyrkjevalet 2019
- Charindu Savindri (Savi) Perera er tilsett som organist 20%
- Torbjørn Støylen har blitt ny leiar av Fellesrådet. T.Ebbesvik nestlediar.



Sykkylven sokneråd

Referent: Knut Henning Aursnes